

Til

Elevar på VG1 BA og deira føresette

Vår ref: Jessie Strand Fagervoll

Vår dato: 09.07.19

Velkomen til skoleåret 2019 - 2020 og til vidaregåande opplæring!

Det er ei stor glede å få ønskje deg velkomen til eit nytt skoleår og til vidaregåande opplæring på Borgund vidaregåande skole. Vi vil legge til rette for at du skal få eit godt skoleår!

Oppmøte:

Skoleåret startar måndag den 19.august kl 1000. Oppmøte i Borgundhallen. Sjå s. 6 i [Elevhandboka](#) -> lenke høgre marg.

Elevhandboka inneheld mykje viktig informasjon som du og foreldra dine må lese. Der finn du bl.a. skolen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar. Elevhandboka blir også delt ut ved skolestart.

Læremiddel- og utstyrslistene finn du [her](#).

PC - Du har fått ein sms med lenke til val mellom bestilling av pc/pc-stipend. Viss du ikkje har svart på denne, går du inn på denne [lenka](#) Dersom du har valt å kjøpe bærbar PC sjølv, må denne vere klar til skolestart.

YFF – Yrkesfagleg fordjuping er eit fag på 6 timar pr veke. Her kan de velje mellom nokre faglege fordjupingar. Vedlagt finn du informasjon om dei vala du har i faget.

Dersom det vert brukt materiell til å lage noko du får til privat bruk, vert det fakturert i november og april.

Har du rett på skoleskyss? Sjå meir og søk om skoleskyss:

<http://mrfylke.no/Tenestemraade/Utdanning/Elev/Skoleskyss>.

Borgund vgs utdannar stolte fagfolk!

Velkomen til fagutdanning for framtida!

Med vennleg helsing
Jessie Strand Fagervoll
rektor
sign

YFF- Yrkesfagleg fordjuping - VG1 BABAT1 – Programområde bygg- og anleggsteknikk

Formålet med faget yrkesfaglig fordjuping er å gi deg mulegheit til å prøve ut eit eller fleire lærefag innan programområdet for bygg- og anleggsteknikk. I dette faget vil du få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer yrka utdanningsprogrammet kvalifiserer for. Faget har gjennomsnittleg 6 undervisningstimar i veka. Du kan velje mellom desse fordjupingane:

A: Tømrarfaget og betongfaget.

B: Røyrleggjarfaget

I periodar gjennom skoleåret vil det og bli tilbod om YFF anleggsteknikk. Dette får du vite meir om ved skolestart.

Vi ber om at **du sender ein e-post til avdelingsleiar** der du prioriterer kva for yrkesfagleg fordjuping du ønsker. Val av yrkesfagleg fordjuping har ikkje noko å seie for val av programområde på VG2.

Send e-post snarast, og seinast innan 15. august.

e-post adresse: julianne.breivik@mrfylke.no Emne: YFF BA

I eposten skriv du: Eg ønsker følgande fordjuping: Nr 1: xx, nr 2: xx, nr 3: xx

Hugs å skrive heile namnet ditt i e-posten.

Velkommen til BA, vi ser fram til å møte deg!

Med vennleg helsing
Julianne Breivik
Avdelingsleder bygg- og anleggsteknikk
sign